



## Notat

Dato: 22.02.2018  
Arkivsak: 2017/4336-59  
Saksbehandlar: jonsmor

---

**Til:** Utval for Miljø og samferdsel (MISA)

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### **Fv 404 Kvamsbrekko - svar på oversendingsforslag om vidare framdrift**

Det er ved fleire høve meldt inn behov for gang- og sykkelveg (sikker skuleveg) og utbetring av Fv 404 Kvamme-Kvamsbrekko-Fosse. Reguleringsplan for Fv 404 på strekninga Kvamme – Fossevatnet vart vedteken av Lindås kommunestyret 16.06.2016. Det er per i dag ikkje satt av midlar til prosjektet i Investeringsprogrammet for fylkesvegar.

Astrid Aarhus Byrknes (KrF) sette på vegner av KrF, Sp, A og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen i møte i MISA 29.11.17 i sak 27/17 Investeringsprogram for fylkesvegnettet 2018-2029:

*«KrF, Sp, A og SV er kjend med at det er vedteken reguleringsplan for delstrekket Kvamsbrekko på Fv404. For å få ei vidare framdrift må prosjektet sikrast prosjekteringsmidlar tidleg i perioden.»*

Byrknes sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

Fylkesrådmannen har hatt ein dialog med Statens vegvesen om oversendingsforslaget. Det å starte opp med prosjektering er nærast eit klarsignal for bygging, så før ein startar med dette er det viktig at finansiering er avklart. Finansiering av prosjektet vil fylkesrådmannen ta opp til ny vurdering ved rullering av Investeringsprogram for fylkesvegnettet hausten 2018. Rullering av investeringsprogrammet skal etter planen opp som sak på fylkestinget i desember 2018.